

Til kommunane i Region Nordhordland

Knarvik, 8. februar 2016

Skjønnsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane – 2016. Prioritering av Regionrådet

Me viser til skriv frå Fylkesmannen datert 17.12.2015 om skjønnsmidlar til kommunane for 2016. Saka vart handsama i Regionrådet fredag 5. februar 2016.

Fylkesmannen har sett av 33,3 mill. kr som vil bli nytta til fornyings- og innovasjonsprosjekt (prosjektskjønn) og til generell fordeling gjennom året der t.d. uventa hendingar vil bli teke omsyn til. Fylkesmannen vil i hovudsak prioritera å støtta samarbeidsprosjekt som omfattar fleire kommunar bl.a. fordi ein ynskjer at prosjektmidlane skal ha større nedslagsfelt og gje betre læringseffekt.

For 2016 legg fylkesmannen opp til at kommunane søker direkte til Fylkesmannen. Regionrådet skal vurdere søknadane og senda brev til Fylkesmannen med prioritering mellom søknadane. Me ber derfor kommunane om tenka gjennom – og få fram gode prosjekt med sikte på fornying og innovasjon.

Fylkesmannen vil særleg prioritera desse områda i 2016.

1. Barn og unge – kommunane sitt arbeid
2. Støtte til lokale/interkommunale tiltak for utvikling av framtidretta og gode omsorgstenester, jf. Omsorg 2020
3. By- og tettstadutvikling
4. Beredskaps og samfunnstryggleik
5. Interkommunalt plansamarbeid, særleg
 - a. Kommunale digitale planverktøy
 - b. Plansamarbeid om oppdrett/akvakultur
6. Tiltak innan miljø- og landsbruksområdet, klimatilpassing og tiltak for å redusere klimagassutslepp

Søknadsfristen frå kommunane til fylkesmannen er 11. mars – og same frist gjeld for prioritering frå Regionrådet. Regionrådet har møte måndag 29. februar, og for at rådet skal kunne diskutera søknadane må kommunane senda ein kopi av søknaden eller ein kort prosjektbeskrivelse / skisse til prosjekt til post@nordhordland.net innan torsdag 25. februar.

Kopi av endeleg søknad, må sendast Nordhordland Utviklingsselskap IKS, post@nordhordland.net innan tysdag 8. mars. Me viser elles til detaljer i skrevet frå Fylkesmannen.

Ta gjerne kontakt med oss dersom de har spørsmål eller gode prosjekt de vil diskutera.

Med venleg helsing

Rune Heradstveit (sign)
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

- Skriv frå Fylkesmannen datert 17. desember 2015 «Skjønnsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt kommunane – 2016